




STORD
KOMMUNE

kristorbyen



16 – ka no?



Trygg overgang frå
ungdomsskule til vidaregåande

Saman for betre trivsel og livskvalitet
for alle barn og unge

Høgskulen
på Vestlandet



Vestland
fylkeskommune

SLUTTRAPPORT OKTOBER 2022

INNHALD

Om rapporten	2
Program for folkehelsearbeid i kommunane	2
Kort skildring av prosjektet 16' – ka no.....	2
Bakgrunn for val av tema	2
Mål for prosjektet	2
Prosjektorganisering	3
Økonomi.....	4
Samarbeid med høgskulen på Vestlandet.....	5
Medverknad	5
Aktivitatar.....	5
Evaluering.....	5
Skildring av prosess og evaluering av dei viktigaste delane i prosjektarbeidet	5
Prosjektprosess hovud- og delprosjekt	5
Innsamling av erfaringsbasert kunnskap.....	7
Prioritering av tema for tiltak.....	8
Utvikling av tiltaka.....	9
Tiltak i skulen:.....	9
Tiltak i lokalsamfunnet/fritid:.....	11
Skildring av prosessen bak etablering av aktivitetspark i sentrum	14
Samarbeid med høgskulen og hordaland/vestland fylkeskommune	16
VEDLEGG	18
1. Samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Stord kommune	19
2. EVALUERINGSPLAN FOR PROSJEKT 16' – KA NO?	23
3. Oversikt over informantar og metodar i kartlegginga.....	24
4. Kommunikasjonsplan 2019 – Informasjon om prosjektet	25
5. Tilleggsspørsmål og eigne spørsmål i Elevundersøkinga.....	26
6. Intervjuguidar – kvalitativ datainnsamling.....	27
7. Systematisering av informasjon frå intervju og fokusgrupper	28
8. Hovudtrekk av innsamla kvalitative funn	29
9. Evaluering deltakarar, Fritidsmesse 2021	33
10 . Reportasje i lokalavisa.....	37

OM RAPPORTEN

Denne rapporten er sluttrapport og evalueringsrapport for prosjekt 16' – ka no? Rapporten skildrar bakgrunn for prosjektet, prosjektorganiseringa og prosjektprosessen, mål, tiltak og resultat. For kvart tema er det eit avsnitt om evaluering. Utfyllande informasjon om formelle avtalar, verktøy og funn ligg som vedlegg. Rapporten blir sendt til Vestland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, Fitjar kommune, og som referatsak til Stord formannskap og Stord ungdomsråd. Rapporten vil og vere tilgjengeleg på Stord kommune sine nettsider. Rapporten er utarbeida av prosjektleiar Tove Agdestein, SLT-koordinator Bjarte Epland og skulefagleg rådgjevar Siri Erland, med bidrag frå alle i prosjektgruppa.

PROGRAM FOR FOLKEHELSEARBEID I KOMMUNANE

Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027 er ei nasjonal satsing for å fremja barn og unge si psykiske helse og livskvalitet. Helse- og omsorgsdepartementet, Folkehelseinstituttet, Helse- og omsorgsdepartementet og KS står bak satsinga. Satsinga skal bidra til å styrke kommunane sit langsiktige og systematiske folkehelsearbeid. Det skal leggast vekt på kunnskapsbasert utvikling og spreing av tiltak m.a. for å styrke barn og unge sin tryggleik, meistring og bruk av eigne ressursar. Eit formål er å hindre utanforskap ved å fremje tilhøyrse, deltaking og aktivitet i lokalsamfunnet.

Programmet har etablert ei tilskotsordning til utvikling og tiltak i kommunane. Fylkeskommunane forvaltar midlane og inngår formelle samarbeid med kommunane. Stord signerte i desember 2018 3-årig avtale med Vestland fylkeskommune om tilskot til prosjektet 16' ka no? –Trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande. Prosjektet er eit samarbeid mellom Stord kommune, Stord vidaregåande skule og Fitjar vidaregåande skule. I 2019 kopla Fitjar kommune seg på. Prosjektperioden har seinare blitt utvida med 6 månader, og vart avslutta 30.06.2022.

KORT SKILDRING AV PROSJEKTET 16' – KA NO

BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA

Funn i UngData-undersøkinga viser at ei gruppe unge i Stord ikkje har det så bra. Rundt 20% trivst dårleg på skulen, 1 av 4 kjenner seg einsame, og stadig fleire unge har psykiske vanskar (UngData 2015).

Sosial deltaking fremjar helse og trivsel. Å delta i sosiale fellesskap gir nettverksbygging, oppleving av tilhøyrse og mening, læring og personleg utvikling. Strukturelle barrierar i samfunnet kan hindre deltaking for alle. For å motverke utanforskap blant barn og unge treng me dei unge sine erfaringar inn i samfunnsplanlegginga.

Ei undersøking som vart gjort i samband med kommunen si deltaking i eit nasjonalt nærmiljøprosjekt viser at både barn/unge og tilsette i oppveksttenestene opplever overgangane mellom livsfasar som sentrale for utvikling av utanforskap og psykiske vanskar. Overgangen mellom ungdomsskulealder og vidaregåande vart peika på som ein overgang der det er særskilt behov for å utvikle gode strategiar og tiltak. Etablering av tiltak i skulen er her meir krevjande då ungdomsskule og vidaregåande skule har ulike eigarar. Denne aldersgruppa har også stort fråfall frå organiserte fritidsaktivitetar.

MÅL FOR PROSJEKTET

Prosjektgruppa utarbeida følgjande mål for prosjektet:

Målgruppe: Ungdom 14-18 år i Stord og Fitjar

Overordna tema/mål:

1. Styrke trivsel, tilhøyrse og gjennomføring av skuleløpet gjennom heilskapleg og god overgang frå ungdomsskulealder og vidare til neste livsfase.
2. Fremje autonomi, tilhøyrse og tillit gjennom brei medverknad i utvikling av tiltak.

Resultatmål:

- Meir kunnskap om korleis dei unge opplever kvardagen sin i overgangsfasen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule, kva som finst av viktige tiltak og kva dei saknar.
- Skulane og dei kommunale støttetene har helse- og trivselsfremjande aktivitetar og tiltak i tråd med dei unge sine opplevingar og behov.
- Heimen, fritidsaktivitetane og nærmiljøa har helse- og trivselsfremjande aktivitetar og tiltak i tråd med dei unge sine opplevingar og behov.
- Dei unge opplever sterkare og meir reell involvering i prosessar knytt til deira kvardag.

Effekt mål:

- Auka trivsel, livstilfredshet
- Auka deltaking i organiserte fritidsaktivitetar
- Mindre fråvere i skulen
- Auka gjennomføring av vidaregåande skule

PROSJEKTORGANISERING


Prosjektet er eit samarbeid mellom Stord kommune, Fitjar kommune og Vestland fylkeskommune (Stord og Fitjar vidaregåande skular). Prosjekteigar er Stord kommune og prosjektansvarleg er rådmann i Stord. Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Stord kommune. Prosjektet er organisert som eitt hovudprosjekt og to delprosjekt knytt til tiltaksutvikling – delprosjekt skule og delprosjekt fritid/lokalsamfunn.

Prosjektgruppa for hovudprosjektet har deltakarar frå kommunane, Stord og Fitjar vidaregåande skular, foreldreutval, innvandrarråd, ungdomsråd og fritidsklubb. Prosjektleiar er folkehelsekoordinator i Stord. Frå Stord kommune er følgjande fagområde representerte: Folkehelsearbeidar/skulehelsetenesta, skulefagleg rådgjevar, SLT-koordinator, rektor/rådgjevar ungdomsskule, folkehelsekoordinator. 60% stilling er øyremerka prosjektarbeidet, av desse er 40% til prosjektleiar (folkehelsekoordinator) og 20% til samhandling med skulane (skulefagleg rådgjevar (SLT-koordinator frå 01.08.21))

Delprosjekta sine arbeidsgrupper har deltakarar frå hovudprosjektgruppa og i tillegg personar som har viktige roller knytt til tiltaksutviklinga.



Medlemmer av prosjektgruppa: F.v. Siri Erland (skulefagleg rådgjevar), Susan Abdulla (kontaktutval innvandrarrar), Cecilie Berger (FAU ungdomsskule) Iselin Amundsen (folkehelsearbeidar), Bjarte Epland (SLT-koordinator)



Figur: Organisasjonskart for prosjektet

ØKONOMI

Inntekt	
Tilskot Helsedirektoratet	2450000
Tilskot Hordaland fylkeskommune	100000
Tilskot SR-bank	300000
Sum	2850000

Utgift	
Løn og sosiale avgifter	1855282
Reise, arrangement, møter	100295
Konsulenttenester inkludert bidrag frå HVL	474000
Trykking, distribuering	20931
Forbruk/driftsutgifter	103277
Overføring aktivitetspark	300000
Andre utgifter	120
Sum	2853905

SAMARBEID MED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Det vart etablert samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL), Institutt for Velferd og Deltaking. Formålet med samarbeidet var som følger:

- Bidra til kunnskapsbygging i kommunen
- Bidra til auka samhandling mellom HVL og kommunane
- Sikre god kvalitet i prosjektprosessen og kunnskapsbaserte tiltak

Konkretisering av ansvar og oppgåver er vist i samarbeidsavtalen (vedlegg 1).

MEDVERKNAD

Prosjektgruppe og arbeidsgrupper har hatt med representantar frå foreldreutval, ungdomsråd, kontaktutval for innvandrarar og flyktningar, frivillig lag, og medlemmer i fritidsklubb. Tiltaka i prosjektet vart utvikla på bakgrunn av breie medverknadsprosessar med ungdom, foreldre, tilsette i skule- og støttetenester, og representantar for frivillige lag. Fleire av måla og tiltaka i prosjektet har handla om involvering og å fremje medverknad for barn og unge

AKTIVITETAR

Prosjektet har fem fasar:

1. Oversikt over kunnskapsstatus
2. Hente inn lokal, erfaringsbasert kunnskap
3. Samskapingssprosess med prioritering av tema/mål for tiltak
4. Utvikle konkrete tiltak for skule og lokalsamfunn
5. Forankring, tilrettelegging og gjennomføring av tiltak i eigne delprosjekt

EVALUERING

I samråd med kompetansemiljø (HVL) er evalueringa hovudsakleg gjort som prosessevaluering. Det er også gjort evaluering av resultat i nokre av tiltaka. I høve evaluering av effektmål så vart det utarbeida eigne spørsmål i elevundersøkingane for å måle desse. Samtidig vart det vurdert at prosjektperioden er for kort til at eventuell effekt vil gi utslag på dei aktuelle indikatorane. Måling av effekt av tiltak er generelt ei utfordring i folkehelsearbeidet, då effekten ofte kjem lenge etter at tiltaket vart gjennomført, og det er vanskeleg å påvise direkte samanheng mellom tiltak og effekt.

Plan for evaluering er vist i vedlegg 2

SKILDRING AV PROSESS OG EVALUERING AV DEI VIKTIGASTE DELANE I PROSJEKTARBEIDET

PROSJEKTPROSESS HOVUD- OG DELPROSJEKT

Prosjektgruppa for hovudprosjektet har hatt 6 møte i året i perioden 2019-2021. Under pandemien vart møta gjennomførte på teams. Det har stort sett vore god deltaking på møta frå tilsette i Stord kommune og Stord vidaregåande skule. Deltakarar frå Fitjar kommune, Fitjar vidaregåande skule, ungdomsrådet og fritidsklubben har deltatt mindre (10-30 % av møta). Styringsgruppa og prosjektansvarleg har blitt orientert om prosjektarbeidet på dei faste møta i folkehelserådet.

Evaluering prosjektprosess:

Evalueringa vart gjort ved eigenevaluering i møte i styringsgruppa og prosjektgruppa. Det vart også gjennomført intervju av medlemmer i prosjektgruppa utført av masterstudentar ved HVL. Funn i intervju er ikkje delt med kommunen og inngår difor ikkje i evalueringa.

Folkehelserådet som styringsgruppe var sterkest involvert i søknad og oppstart av prosjektet. Seinare har dei hovudsakleg hatt følge-med funksjon. Det har vore god formidling av informasjon til styringsgruppa undervegs. Inntrykket til styringsgruppa er at prosjektet har gått etter planen og at det har vore lite behov for styring. Prosjektansvarleg har ikkje deltatt i møta til styringsgruppa, og såleis berre fått informasjon gjennom referat. Det er mogeleg at større eigarskap frå prosjektansvarleg og styringsgruppa kunne gjeve prosjektet meir merksemd og engasjement i dei ulike sektorane.

I søknadsfasen og i oppstarten av prosjektet hadde prosjektgruppa ei litt anna samansetning, som seinare vart endra for å samsvara meir med tema og dei valde problemstillingane. Endringa gjorde at dei som var nye i gruppa ikkje hadde like godt eigarskap til prosjektet, noko som kan ha prega prosjektarbeidet – særleg innanfor skulesektoren. I løpet av prosjektperioden har det vore relativ stor utskifting av medlemmer i prosjektgruppa, noko som også kan ha bidratt til mindre eigarskap.

Ungdomsrepresentantane frå ungdomsrådet og fritidsklubben var aktivt med i den første fasen av prosjektet, men har seinare deltatt lite. Utsiftingar i rådet kan vera ein årsak, utfordringar knytt til pandemien har også spela inn. Det har i tillegg vore krevjande å få til effektive prosjektgruppemøte som også legg til rette for likeverdig deltaking frå alle. Manglande deltaking er prøvd kompensert ved at prosjektet har blitt drøfta i ungdomsrådet sine ordinære møter. I tillegg har delprosjekt fritid hatt brei og god involvering av ungdom. For å få til betre medverknad frå unge, kunne hovudprosjektet i større grad lagt opp til alternative arbeidsformer utforma i samarbeid med dei unge sjølv.

Fitjar kommune blei med i prosjektet frå hausten 2019. Dei deltok aktivt under innhenting av kunnskap og i drøftinga om prioriteringar. I dei siste fasane av prosjektet har Fitjar, etter eige ønskje, hovudsakleg vore observatør.

Eigenevaluering undervegs vart gjort som skriftleg tilbakemelding etter kvart møte. Evalueringa viste at møta fungerte best når det var ein tydeleg agenda med stram struktur, gjerne også forventning om å førebu einskilde saker. Viktig at alle deltakarane fekk høve til å ytre seg. Møta på teams under pandemien fungerte bra, men gruppa føretrekk fysiske møter.

Bakgrunn for etablering av to delprosjekt i tiltaksutviklinga var at prosjektet var stort og uoversiktleg, med stor breidde i tiltak og arenaer. I delprosjekta vart arbeidsgruppene meir spissa og involverte fleire av dei aktuelle aktørane. Dette opna for meir medverknad og eit sterkare engasjement og eigarskap til tiltaka, noko som særleg var tydeleg i arbeidsgruppe fritid/lokalsamfunn. Samtidig førte oppdelinga til at nokre av deltakarane i hovudprosjektet opplevde mindre eigarskap, og vanskar med å halde seg oppdatert. Oppdaterte og tilgjengelege dokumentmapper og hyppig deling av informasjon var viktig for å halde oppe interessa.

Delprosjekt skule hadde eit mål om å utvikla tiltak som var felles på tvers av skular. Ei erfaring her er at utvikling av skuleretta tiltak i prosjektet, som ikkje vart kopla på anna utviklingsarbeid, var vanskeleg. Den breie innsamlinga av kunnskap har derimot vore nyttig og er brukt i skulane sitt eige utviklingsarbeid.

Ei stor utfordring gjennom heile prosjektperioden var å gjere prosjektet kjent både for dei aktuelle aktørane og for innbyggjarane generelt. Prosjektet vart profilert med eigen logo, og det vart plassert ut rollups på sentrale stadar. Kommunikasjonsplan for første prosjekt-år (vedlegg 4) vart stort sett gjennomført, med informasjon til dei unge, foreldra, leiarar og tilsette i skule og støttetjenester, fritidssektoren og dei folkevalde. Innbyggjarane fekk informasjon gjennom kommunen si nettside og lokalavisa. Utover i prosjektperioden var det jamleg

informasjon i etablerte forum som rektormøte, avdelingsmøte, politiske utval med meir. Erfaringa var likevel at prosjektet var lite kjent utover dei som deltok aktivt, noko som kan ha påverka motivasjonen og engasjementet for nokre av prosjektet sine tiltak. Kjennskapen og engasjementet betra seg noko når prosjektet sine tiltak vart etablerte og synlege.


INNSAMLING AV ERFARINGSBASERT KUNNSKAP

Metode:

Erfaringsbasert kunnskap vart henta inn gjennom tilleggsspørsmål i elevundersøkinga (vedlegg 5), gjennom digital spørjeundersøking (mentometer) i elevsamling, og gjennom kvalitative intervju, fokusgrupper, samtalegrupper og dialogforum (ALLEMED¹ dugnad). Intervjuguide er vedlegg 6.

Val av informantar:

- Elevar på 10. trinn og vg1 i Stord og Fitjar (elevundersøking)
- Elevar vg1 som har søkt om å byte klasse
- Minoritetsspråklege elevar Stord ungdomsskule og Stord vidaregåande skule (vgs)
- Brukarar av skulehelsetenesta ved Stord vgs
- Tidlegare drop-out elevar som er tilbake i vidaregåande opplæring
- Deltakarar ved NAV-tiltak for unge utanfor arbeid og utdanning
- Elevar på 10 trinn i ungdomsskulen (mentometer)
- Elevar med tilrettelagt opplæring Stord vgs
- Foreldre til elevar ved vg1 Stord og Fitjar vgs
- Tilsette (ressursteam) Stord vgs
- Tilsette skulehelsetenesta
- Tilsette OT/PPT (ressursteam) Stord vgs
- Idrettsleiarar tre idrettslag
- Frivillige organisasjonar (ALLEMED dugnad)



Oversikt over informantar og metode i vedlegg 3

For elevane i vidaregåande skule har fokusgruppene vore samansette av elevar på tvers av bakgrunn, det vil seie både «ordinære» vg1-elevar, elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn, elevar som har bytta klasse, elevar som tidlegare har droppa ut, elevar med psykiske vanskar, unge med tenester frå barnevernet osb. Utval av informantar vart gjort ved open invitasjon (alle som ville delta hadde høve), men med særskilt merksemd på å nå ut med invitasjon til elevar i kategoriane over. I foreldregruppa vart personar med minoritetsspråkleg bakgrunn særskilt inviterte. ALLEMED dugnad samla representantar frå 26 ulike frivillige organisasjonar i tillegg til representantar i frå ulike råd og utval i kommunen, politikarar, tilsette frå tenester for barn og unge og administrativ leiing. I alt deltok over 65 personar på dugnaden.

¹ <https://www.allemed.no/>

Innsamla kvalitativ informasjon vart systematisert ved bruk av skjema (vedlegg 7), analysert og kategorisert. Informasjonen vart presentert i tabell (vedlegg 8) og saman med funn frå andre undersøkingar brukt som grunnlag for utvikling og prioritering av tiltak.

Evaluering av metode:

Kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar gav både oversikt og djupneforståing av problemstillingar knytt til overgangen. Ved å retta undersøkinga både mot dei unge sjølv og mot dei ulike vaksenrollene i «laget» rundt dei unge fekk me fram ulike perspektiv, noko som var viktig for å kunne etablere ei felles forståing av utfordringsbiletet. Målrretta rekruttering av ulike grupper til dei kvalitative undersøkingane var viktig for å få fram perspektivet til dei som oftast opplever overgangen som utfordrande. Samtidig var det grupper me i liten grad fekk i tale, til dømes elevar med skulevegning.


PRIORITERING AV TEMA FOR TILTAK



Dialogkafé. Foto: Haldis Lauksund

Prosjektgruppa inviterte representantar for ulike relevante grupper til dialog kafé. Samlinga hadde 56 deltakarar med følgjande samansetning: Elevar og tilsette ved ungdomsskular og vidaregåande skular i Stord og Fitjar, tilsette i støttetjenester, tilsette i kulturskule, foreldrerepresentantar, fritidsleiingar, frivilligsentral, studentar og tilsette ved HVL, ungdomsråd, kontaktutval for innvandrarar og flyktingar, kommuneleiinga, Vestland fylkeskommune. Prosessen vart leia av tilsette ved Høgskulen på Vestlandet.

Deltakarane fekk først presentert den erfaringsbaserte kunnskapen som var samla inn i prosjektet. På bakgrunn av denne kunnskapen og egne erfaringar utarbeida dei framlegg til prioriterte tiltak innanfor dei ulike utfordringsområda som var identifisert. Framlegga vart jobba vidare med i prosjektgruppene for delprosjekt skule og delprosjekt fritid. Dei ulike tiltaka vart her vurderte utifrå kunnskapsstatus og erfaring, og utifrå ressursbehov og tilgjengelege ressursar. Dette resulterte i følgjande prioriterte tiltak:



Tiltak i skulen:

- Hjelp til å velja rett utdanningsprogram i vidaregåande skule
- Rutinar for overføring av informasjon frå ungdomstrinn til vgs
- Utvikle faget utdanningsval
Styrke elevmedverknaden
- Gi foreldre meir kunnskap om utdanningstilboda

Tiltak i lokalsamfunnet/fritidssektoren:

- Gjere informasjon om fritidstilboda tilgjengeleg
- Etablere Fritidsmesse som eit årleg tilbod
- Skape ein open aktivitets- og møteplass i sentrum
- Etablere jamlege kompetansetiltak om ungdom og psykisk helse for leiarar i frivillig sektor

I tillegg til dei prioriterte tiltaka førte innsamla kunnskap i prosjektet til endring av praksis for ulike tenesteområde i tråd med innspel frå dei unge.

Evaluering av prioriteringsprosessen:

Dialogmøtet hadde godt oppmøte og brei samansetning av deltakarar. Nyttig med blanda grupper – møta mellom deltakarane hadde verdi i seg sjølv. God organisering. Det kom innspel om at «oppvarmingsøving» burde tatt meir omsyn til deltakarar med annan kulturbakgrunn. Deltakarane fekk presentert døme på tiltak, det er mulig at dette kan ha påverka deira innspel og prioriteringar.

UTVIKLING AV TILTAKA

For kvart av dei prioriterte tiltaka vart det utarbeidd ein handlingsplan. Den vidare tiltaksutviklinga vart organisert som to delprosjekt: Delprosjekt skule og delprosjekt fritid. I tillegg til deltakarar frå hovudprosjektgruppa vart andre ressurspersonar frå den aktuelle sektoren inviterte med her.

Parallelt med prosjektet har kommunen også hatt fleire andre utviklingsarbeid med liknande målsetjingar. Mellom anna arbeid knytt til fagfornyinga i skulen, arbeid knytt til innføring av Fritidskortet, og arbeid med Frivilligstrategi. For fleire av tiltaka var det difor naturleg å integrere tiltaksutviklinga i ein felles prosess i det pågåande utviklingsarbeidet.

Kunnskap frå prosjektet har i tillegg vore brukt i anna utviklingsarbeid. Mellom anna tiltak for god og tydeleg informasjon til nye elevar i vidaregåande, og aktivitetar for å skape godt klasse- og skulemiljø. Etablering av ein møteplass på tvers av klassar i vidaregåande er døme på eitt av forslaga til tiltak som ikkje vart prioritert i prosjektet, men som likevel er gjennomført i skulen sin eigen regi.

TILTAK I SKULEN:

1. Hjelp til å velje rett utdanningsprogram i vidaregåande skule

Bakgrunn: Feilval verkar inn på trivsel og oppleving av meistring. Sentral årsak til drop-out. Ønskje om meir individuell rettleiing i val av utdanningsprogram.

Dette har me gjort: Vidaregåande skule har laga informasjons-filmar om dei ulike studieretningane. Det at vidaregåandeelevar er viktige aktørar i formidling av korleis det er på vidaregåande, og kva dei ulike programområda er, samsvarar med forslag til nye tiltak som kom i prosjektet «Unge informerer unge».

2. Rutinar for overføring av informasjon frå ungdomstrinn til vgs

Bakgrunn: Unge med særskilte behov/utfordringar kan ha auka risiko for redusert trivsel og psykiske vanskar i samband med overgangen til vgs. Ønskje om at vidaregåande skule er informert om særskilte behov/utfordringar, og legg til rette for å møte desse.

Dette har me gjort: Elevane har fått høve til å besøke vidaregåande skule før skulestart. Overføring av informasjon til vgs er tema i utviklingssamtale på 10.trinn. Smitteverntiltaka under pandemien har gjort at ikkje alle elevane har fått moglegheit til å besøke vidaregåande skule.

Tilbakemeldingane i prosjektet var viktige i Stord vgs si planlegging av ei hospiteringsordning i ny drakt. No vert alle på 9. trinn inviterte til ein dag der dei får informasjon om alle programfaga dei kan velja mellom, og alle på 10. Trinn får ein hospiteringsdag på eit sjølvvalt programfag.

3. Utvikle faget utdanningsval

Bakgrunn: Dei unge treng meir kunnskap og praktisk erfaring om utdanningsprogram og ulike yrke. Innhaldet i faget varierer mykje mellom skulane. Ønskje om at faget skal tilpassast dei unge sine behov, og at organisering og innhald skal vere meir likt på tvers av skular.

Dette har me gjort: Det er etablert samarbeidsmøte på tvers av skulane, eit rådgjevarnettverk som held fram også når dette prosjektet er avslutta. Det er eit felles ynskje om å samarbeide på tvers av skulane slik at faget utdanningsval vert meir eins og lærarane kan dele erfaringar for å gi elevane eit best mogleg undervisningstilbod. Rådgjevarane har etablert møtepunkt og laga ein plan for kva ein vil samarbeida om, og alle lærarane jobbar med å planlegge og gjennomføre undervisning i utdanningsval. Det har vore litt utsetjing av avtalte møte grunna sjukdom/covid, så møta har ikkje vore så hyppige som ønskt.

4. Styrke elevmedverknaden

Bakgrunn: Dei unge ønskjer sterkare medverknad i utforminga av skulekvardagen. Skulane scorar lågt på medverknad i elevundersøkinga. Medverknad er viktig for å gi eit tilbod som samsvarar med behovet, og for å styrka lokaldemokratiet.

Dette har me gjort: Bidra i utvikling av ABCD²-metodikk (Asset Based Community Development) retta mot ungdom i samband med HVL sitt hefte. Ein har gitt ungdomsskulane, vidaregåande skule og deira utvalde elevar kompetanse i bruk av ABCD-metodikk, mellom anna ved kurs i ABCD-metodikk for elevråd, lærarar og ungdomsråd. Skulane jobbar vidare med korleis ein brukar resultatane i Elevundersøkinga knytt til skulebasert vurdering og handlingsplan, samt tiltaksplan for kvalitetsutvikling.

5. Gi foreldre meir kunnskap om utdanningstilboda

Bakgrunn: Foreldra er dei viktigaste rådgjevarane når unge skal velje utdanning. Mange foreldre manglar oppdatert kunnskap om utdanningsprogram og studieretningar. Manglande oversikt/forståing for krav og omfang kan føre til urealistiske forventningar og feilval.

² https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/20200916_abcd_-norsk_til-trykk.pdf

Dette har me gjort: Tilbod om individuell rådgjeving til elevar og foreldre på 10. trinn. Rådgjevar på vidaregåande skule har informert om utdanningstilboda på foreldremøte for 10. trinn. Det er tenkt å halde fram med dette arbeidet.

TILTAK I LOKALSAMFUNNET/FRITID:

1. Gjere informasjon om fritidstilboda tilgjengeleg


Bakgrunn: Unge opplever at det er vanskeleg å finne informasjon om aktiviteter og arrangement. Ønsker at all informasjon blir samla på ein lett tilgjengeleg nettstad. I ALLEMED dugnaden kom det tydeleg fram frå frivillige lag og organisasjonar at det er eit behov å få ei god oversikt over aktivitetstilboda i kommunen.

Dette har me gjort: Utviklinga av tiltaket er inkludert i eit interkommunalt samarbeid. Stord kommune har saman med Bømlo og Fitjar kommunar laga nettportalen Aktivitietforalle.no. Portalen gjev ei oversikt over lag og organisasjonar i dei tre aktuelle kommunane, deira faste aktivitet og arrangement. Portalen vart også nytta som startside til bruk av fritidskortet³. Arbeidsgruppa som har jobba med å få på plass nettportalen har vore ei tverrfagleg gruppe med representantar i frå dei tre kommunane. SLT-kordinator har leia arbeidet. Gruppa har arbeida tett med frivillige lag og organisasjonar og samarbeida godt med skulane og aktuelle tenester som jobbar med barn og unge i kommunen for å marknadsføre sida. Kommunen har fått på plass ein god nettportal som syner aktivitetstilboda i kommunane Bømlo, Fitjar og Stord. På nettsida finn ein også nyttige lenker til fritidskassetilbod og BUA ordninga i kommunane. Det vert i skrivande stund jobba med ei vidareutvikling av arrangementkalenderen som også skal opne for arrangement som ikkje er i regi av lag og organisasjonar. Me forventar at vidareutviklinga vil auka bruken av sida.

2. Etablere Fritidsmesse som eit årleg tilbod

Bakgrunn: Stort fråfall frå organisert aktivitet i ungdomsåra. Ønskje om å skape ein møteplass mellom dei unge og organisasjonane for å gjere tilboda kjent og senke terskelen for deltaking.

Dette har me gjort: Gjennomført fritidsmesse ved skulestart både i 2020 og i 2021. Begge åra vart det oppretta ei arbeidsgruppe med representantar i frå skulane, eining for kultur, førebyggjande tenester, frivilligheita, planavdelinga og ein ungdomsrepresentant. Fritidsmessa vart arrangert i skuletida med obligatorisk deltaking frå elevar på tiande trinn og Vg1. Messa var open for alle på ettermiddagen. Lag og organisasjonar i kommunen fekk tilbod om å stå på stand og visa fram tilbodet/a sine. Føremålet var å vise ungdommane og innbyggjarane elles kva som finst av fritidsaktivitetar og at lag og organisasjonar kunne nytte messa til å rekruttere nye medlemmar. Oppslutnaden var god begge åra tross pandemien. Det var i alt om lag 25 standar begge åra.



³ <https://ny.buudir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/fritidskortet/>

Begge messene vart gjennomført med omfattande smitteverntiltak som skapte mykje meirarbeid og ei gjennomføring prega av avstand og handsprit. Til tross for dette har me gjort oss nyttige erfaringar og fått gode og konstruktive tilbakemeldingar frå både elevar og organisasjonane som deltok. Sjå evaluering frå deltakarar i vedlegg 9. Eining for kultur skal ha ansvar for gjennomføring av fritidsmessa framover. Med bakgrunn i mange arbeidsoppgåver i eininga våren 2022 vert det ikkje fritidsmesse ved skulestart i år. Det vert no arbeid med å gjennomføre fritidsmessa i 2023 og å knyte messa saman med arbeid for eit aldersvenleg lokalsamfunn.

3. Skape ein open aktivitets- og møteplass i sentrum

Bakgrunn: Unge saknar opne møteplassar. Ungdom som oppheld seg i sentrum treng ein stad å vere. Ønskje om at det blir tilrettelagt for skateing og klatring. Kulturskulen treng område tilrettelagt for parkour.


Dette har me gjort: Etter omfattande medverknadsprosess vart det utvikla og etablert ein aktivitetspark – «Gropo» - med skateing, parkour, klatring, musikkbingar, scene og trappeamfi/hengeområde». Prosess skildra i eige avsnitt under.

Aktivitetsparken vart offisielt opna 12.10.22. Parken har stort sett yrande liv frå morgon til kveld.



Gropo aktivitetspark. Foto: Peter Tubaas

Det vart gjennomført ei spørjeundersøking av brukarane av aktivitetsparken i juni 2022. I alt var det 52 personar som svarte på undersøkinga. Undersøkinga syner at aktivitetsparken treff målgruppa til prosjektet godt og at den har vorten ein samlingsstad for heile kommunen, men også for nabokommunane. Heile 34 personar svara at dei plar bruke parken tre eller fleire timar når dei er i parken, medan 18 svara éin til tre timar. 65 % svara at dei møter vener når dei er i parken, 63 % brukar betongparken, 44 % "henger" i parken og 23 % svara at dei brukar parkourområdet.



Figur: Resultat frå brukarundersøking Gropo aktivitetspark

Mest gledeleg lesing frå undersøkinga er kva brukarane svara om aktivitetsparken har påverka korleis dei har det i dag. Svara får fram at parken har blitt viktig for mange unge på Stord. Heile 52 % trur dei har fått det betre, eller svarar at parken er og har vore viktig for korleis dei har det. 31 % svara at dei er usikre, men kanskje fått det litt betre.



Figur: Resultat frå brukarundersøking Gropo aktivitetspark

4. Etablere jamlege kompetansetiltak om ungdom og psykisk helse for leiarar i frivillig sektor

Bakgrunn: Stort fråfall frå organiserte aktivitetar i ungdomstida. Mange unge har psykiske vanskar. Fritidsaktivitetar er viktig arena for meistring og identitet. Treningar/aktivitetsleiarar treng kunnskap om korleis møte utfordringane og bidra til å styrke den psykiske helsa hos dei unge.

Dette har me gjort: Det er ikkje blitt jobba med dette punktet under prosjektperioden. Kommunen har starta arbeidet med å få på plass ein frivilligstrategi der dette tiltaket vert tatt med og kunnskapen frå prosjektet vert lagt til grunn.

SKILDRING AV PROSESSEN BAK ETABLERING AV AKTIVITETSPARK I SENTRUM

Proessen bak etablering av aktivitetspark i sentrum er eit døme på korleis kommunen, ved å jobba saman med frivillige organisasjonar, næringsliv og brukarane, kan lukkast i å skape attraktive tiltak. Erfaringa frå prosjektet kan vere nyttig for andre liknande prosjekt. Proessen bak dette tiltaket blir difor skildra meir detaljert.

Arbeidsgruppa for tiltak i fritida vart etablert i april 2020. Prosjektet var tildelt 300 000 kr. frå SR-bank til tiltak i fritida, og ein starta arbeidet med å drøfte korleis ein kunne nytte desse pengane best mogeleg utifrå dei prioriterte tiltaka. Gruppa hadde møter med ulike personar i kommunen som jobba for at ungdom skulle ha ein meningsfull fritid. I prosessen kom det fram at Stord kommune tidlegare hadde fått 500 000 kr. i tilskot til ein klatre -installasjon og at det var søkt om 600 000 kr. i spelemidlar til eit parkour- og klatreanlegg. Desse midlane var ikkje brukt, då ein ikkje hadde kome i mål med planlegginga. Ein vart då samde om å jobbe vidare med alt samla, og peika ut eit område ved Stord kulturhus som aktuell lokalisering.



Området som vart peika ut som aktuell lokalisering for aktivitetspark

Lokalavisa laga ei nyheitssak om planane som skapte positivt engasjement. Fleire eldre tidlegare skaterar, klatrarar, og parkourentusiastar engasjerte seg, og me inviterte nokre av dei inn i arbeidsgruppa som då fekk denne samansetninga: Representant frå frivilligheita ved Stord IL, leiar utekontakten, folkehelsekoordinator, rådgjevar idrett/friluftsliv, prosjektleiar Stord kommunale eigedom, lærar ved kulturskulen, tidlegare skater og muskar, SLT-koordinator. Det vart også engasjert konsulent med ansvar for prosjektering. Me såg raskt at me hadde etablert ei kreativ og positiv arbeidsgruppe som våga å tenkje stort og sjå mogelegheiter og ikkje avgrensingar. Engasjementet var frå fyrste stund stort og alle bidrog inn i arbeidet. Arbeidsgruppa henta inn meir informasjon frå andre tilsvarande prosessar og fekk nyttig kunnskap om etablering av aktivitetsparkar.

For å få på plass finansiering vart det laga oversikt over ulike tilskotsordningar og plan for søknadsskrivinga. Det var vidare avgjerande å få til god medverknad frå dei unge sjølv. Me hadde kunnskapen om at ungdommane ynska ein møteplass i sentrum, og kva aktivitetar dei ynska at den skulle innehalde. Men me trong meir innspel på korleis anlegget kunne verta den møteplassen ungdommane ynska. Ved å invitere til ungdomsmøte håpa me både å få innspel til arbeidet og å skapa engasjement og eigarskap hos dei unge. Me inviterte breidt på sosiale medium (Facebook, Snapchat og Instagram), delte info på skulane, sendte pressemelding til avisa og hadde stand på fritidsmesssa. Det var få påmeldte nokre dagar før arrangementet og me såg at me måtte oppsøkje ungdommane meir aktivt. Utekontakten gjorde eit viktig arbeid med å invitere ungdommar og oppmoda dei om å invitere med andre. Dei fekk med seg nokre sentrale ungdommar som igjen fekk med seg fleire. Resultatet var

at det kom 20 ungdommar + 10 vaksne frå arbeidsgruppa, utekontakten og inviterte eldsjeler. Det var ein omfattande jobb å få ungdommane til å møta, men resultatet vart bra!



I møtet fekk deltakarane kort informasjon om prosjektet 16, ka no?, bakgrunnen for møtet og ein presentasjon med skisse over området og idear som har kome inn. Det var vidare orientert om at det er eit ønske å etablere ein rulleklubb og at me ønska at ungdommane tok eigarskap til arbeidet gjennom deltaking i klubben. Hovuddelen i møtet var dialog kafé der deltakarane drøfta fire spørsmål; kva vil du at ein møteplass i sentrum skal innehalde?, korleis bør utforminga av ein skate- og parkourpark sjå ut?, kva er viktig å tenkje på for at møteplassen skal bli ein kjekk sosial plass for ungdom?, og kva trur de skal til for at møteplassen skal bli brukt? Spørsmåla skapte stort engasjement og store forventningar hos ungdommane. Arbeidsgruppa fekk mange gode innspel og fleire vaksne som ønska å engasjere seg i prosjektet. Lokalavisa var til stades under møtet og skreiv ei positiv sak i etterkant. Dette skapte igjen positivt omdømme i lokalmiljøet.



Stord har fått sin eigen rulleklubb

📍 Betongpark bak Stord kulturhus er ein av hovudprioritetane til Stord rulleklubb.

Den 31.08.22 var det gjennomført stiftingsmøte for rulleklubben. 17 ungdommar og tre vaksne kom i tillegg til lokalavisa som etter møtet igjen skreiv ei positiv sak. I møtet vart det laga vedtekter og valt styre. Ein av deltakarane i arbeidsgruppa vart medlem av styret.

Etter ungdomsmøtet vart det jobba vidare med ulike skisser og skriving av søknadar. Mellom anna søkte me om 4 millionar hos Kulturdepartementet si tilskotsordning for nyskapande aktivitetsanlegg. Rulleklubben bidrog med søknader til tilskotsordningar for frivillige. Det vart etablert samarbeid med hjørnesteinverksemda Aker Stord som bidrog med stål og arbeid til parkouranlegget. I desember 2020 fekk me vite at me fekk heile summen me hadde søkt på frå kulturdepartementet. Dette gjorde at me kunne byggje heile anlegget som me hadde skissert og drøymt om.

I januar og februar 2021 hadde me fleire møte med Betongpark AS som designa betongparken for oss. I møta var det både ungdommar og vaksne frå rulleklubben med, og rulleklubben delte skisser med medlemmane sine for å få tilbakemeldingar på utkasta. Målet var å lage det beste designet ut i frå areal, kostnad, bruk og nivå på brukarane. Me opplevde denne prosessen som god.

Vinteren gjekk vidare med til søknad om byggeløyve, konkurransegrunnlag, politisk sak og søknadar om meir pengar. Like før skuleferien 2021 stod betongparken klar til bruk og var svært godt besøkt heile sommaren.



Skateparken i Gropo aktivitetspark

Hausten 2021 gjekk med til byggesteg to som var musikkbingar, scene, klatre-installasjon, parkouranlegg, amfi og lys. Vinteren og våren 2022 jobba me med reglar for parken, der rulleklubben og utvalde brukarar av parken hadde ei sentral rolle. Me hadde også ein open namnekonkurranse der ungdommar plukka ut fire aktuelle namn som igjen alle kunne stemme på. Sjå film om reglane for parken her, [Reglar for bruk av GROPO aktivitetspark - Stord kommune](#)

Summert opp meiner me at suksessfaktorane med dette prosjektet har vore at me har hatt ei engasjert arbeidsgruppe som har hatt trua heile vegen og fokus på å våge å drøyme, medverknad og samarbeid. Det var vidare avgjerande at me slo saman ulike planar og forankra det i prosjektet. Etableringa av rulleklubben var viktig, og ikkje minst at me i stor grad følgde ungdommane sine ynskjer og innspel. Prosjektet fekk raskt positivt omdømme i lokalmiljøet gjennom positive saker i lokalavisa og medviten fokus på å framsnakke prosjektet. Dette hjelpte truleg til at me fekk med oss lokalt næringsliv, administrasjon og lokalpolitikarar i finansiering av parken. I tillegg er det klart at tilskotsordninga til nyskapande aktivitetsanlegg, og at me hadde eit godt konsept og god søknad, var avgjerande for at me kunne realisere anlegget så raskt. Frå å stå med 300 000 kr til tiltak i april 2020, stod eit anlegg til over 9 millionar klar i mai 2022.

Offisiell opning av Gropo aktivitetspark var 10.06.22. Sjå film frå opninga og prosessen med å lage parken: [Film om Gropo aktivitetspark - Stord kommune](#)

SAMARBEID MED HØGSKULEN OG HORDALAND/VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Høgskulen på Vestlandet

Representantar frå HVL deltok på nokre av møta til prosjektgruppa i starten av prosjektperioden, og har også vore deltakar og bidragsytar på samlingar i regi av fylkeskommunen. I samsvar med samarbeidsavtalen har Høgskulen gitt fagleg støtte til utarbeiding av intervjuguide og evalueringsplan. Representantar frå høgskulen har førebudd og vore prosesseiarar for dialogkafé og for gjennomføring av ABCD-kurs. Dei har, i samarbeid med kommunane, utarbeidd rettleiar for bruk av ABCD med barn og unge. Her har Stord kommune vore ein sentral bidragsytar. Rettleiaren er distribuert fritt til kommunane. Stord kommune har delt sine erfaringar med

høgskulen i ulike forum, m.a. ved informasjon til studentar. Kommunen har lagt til rette for studentoppgåver, men ingen masteroppgåver er knytt til prosjektet. Kommunen har tatt i mot to studentgrupper som utførte oppgåver knytt til evalueringa av prosjektet.

Evaluering: Samarbeidet med HVL har vore knytt til institutt for velferd og deltaking. Deira kompetanse innan samfunnsarbeid og medverknad har vore til god hjelp i prosjektarbeidet. Sidan ein stor del av vårt prosjekt handlar om utviklingsarbeid i grunnskule og vidaregåande skule, vart det tidleg uttrykt ønske om støtte også frå kompetansemiljø innan utdanning, noko som synt seg vanskeleg å få til.

Samarbeid rundt Dialogkafé, ABCD-hefte og ABCD-kurs har vore bra med gode bidrag frå HVL. Utover dette har kommunen opplevd relativt lite involvering frå høgskulen i prosjektarbeidet. Trass i fleire presentasjonar av prosjektarbeidet har det ikkje lukkast å få studentar til å velje prosjektet som tema for masteroppgåva. For å få til ei objektiv og god evaluering av prosjektet ønska prosjektgruppa hjelp frå HVL til å gjennomføra deler av evalueringa. Kommunen og Høgskulen la til rette slik at to studentgrupper brukte evaluering av prosjektet som case for eksamen i eitt emne. Det viste seg i ettertid at kommunen og høgskulen hadde ulike forventningar til kva høgskulen skulle bidra med i evalueringa. Rapportering tilbake til kommunen inngjekk ikkje i høgskulen sine krav til studentane, og kommunen fekk difor nærast ingen tilgang til data frå intervjuar som studentane hadde gjort. Deling av resultat må vere sjølvsgatt dersom slikt samarbeid skal ha ein verdi for kommunen.

Hordaland/Vestland fylkeskommune (prosjektadministrasjon)

I den innleiande fasen i prosjektet var fylkeskommunen ein viktig samarbeidspart som koordinerte og gav råd til søknadsprosess og utarbeiding av prosjektskisse. Det vart også lagt godt til rette for møte med kompetanseaktørar og til utveksling og nettverksbygging på tvers av kommunane. Fylkeskommunen har også koordinert og lagt til rette for rapportering i tråd med Helsedirektoratet sine krav. Hordaland fylkeskommune følgde prosjektet vårt tett, og var lett tilgjengelege ved behov for råd og avklaringar. Etter overgang til Vestland fylke har kontakten med fylkeskommunen vore svakare. Noko av årsaken til dette kan vere manglande fysiske møte i pandemien og at prosjektet vårt var over i andre fasar. Me opplevde at prosjektleinga i Vestland fylkeskommune vart fjernare og hadde mindre kjennskap/eigarskap til vårt prosjekt.



Illustrasjon: Nora Rykkje

VEDLEGG

1. SAMARBEIDSAVTALE MELLOM HØGSKULEN PÅ VESTLANDET (HVL) OG STORD KOMMUNE

Samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL), forankra ved Institutt for Velferd og Deltaking, og Stord kommune om utviklingsoppgåver innanfor program for folkehelsearbeid i Hordaland

Denne avtalen kjem i tillegg til avtale mellom Stord kommune og Hordaland fylkeskommune, og mellom FoU-miljøa og Hordaland fylkeskommune.

Prosjektsamarbeid og nasjonale føringar

Program for folkehelsearbeid i kommunane er ei nasjonal satsing for å styrke kommunane sitt arbeid med å fremje befolkninga si helse og livskvalitet. Satsinga skal styrke det langsiktige og systematiske folkehelsearbeidet i kommunane i Hordaland. «Programmet» skal gjennom ulike koordinerte prosessar styrke det helsefremjande arbeidet i kommunane. Eit overordna mål er at psykisk helse og førebyggjande rusarbeid vert ein integrert del av folkehelsearbeidet i kommunen.

Fylkeskommunen har som prosjekteigar teke ei regional samordningsrolle når det gjeld utvikling og evaluering av tiltak for å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet. Gjennom den regionale samordnar rolla har Hordaland fylkeskommune invitert viktige regionale FoU-miljø som etter den nasjonale programskildringa har ein utviklingsrolle regionalt, og som kan delta i strategisk utvikling av folkehelsearbeidet i fylket.

Som regionale kunnskapssenter har RKBU og KoRus har fått forventingar om å orientere seg meir om behov til kommunane og bidra i programmet. Universitets- og høgskulesektoren skal etter HelseogOmsorg21-strategien bidra til kunnskapsutvikling i kommunane. Denne sektoren har viktig kompetanse og vil kunne bidra med støtte til programfylka, kompetansesentra samt gjennomføre egne forskingsprosjekt i inn mot programmet.

Folkehelseinstituttet skal bidra til å styrke den regionale kompetansen om utfordringar innan rus, psykisk helse og livskvalitet hos barn og unge, og kompetansen innan kunnskapsoppsummering og evalueringsmetodikk. FHI vil også kunne bi stå fylkeskommunane med å kvalitetssikre utforminga av tiltak som skal evaluerast. Det kan også vere aktuelt å gjennomføre forskingsbaserte evalueringar av utvalde tiltak.

Samarbeidsaktørane i Program for folkehelsearbeid skal legge til rette for kunnskapsbasert utvikling av arbeidsmåtar, tiltak og verkty, samt stimulere til samarbeid mellom kommunesektoren og forskingsmiljø om utviklingsarbeidet.

Utviklingsarbeid i program for folkehelsearbeid er eit langsiktig arbeid, der ulike aktørar saman skal løyse eit folkehelseoppdrag i fylket.

Samarbeidsområder og ansvarsområder i programarbeidet i Hordaland

Hordaland fylkeskommune som prosjekteigar og tilretteleggar

Hordaland fylkeskommune er prosjektansvarleg, prosjektutviklar og pådrivar for å samordne prosjektet regionalt. Kommunane rapporterer til fylkeskommunen. Tiltaksutviklinga i kommunane skal skje i samarbeid med FoU-miljø.

Hordaland fylkeskommune har lagt til rette for dialog med fem ulike regionale FoU-miljø og kommunane. Følgjande miljø er invitert inn i det regionale utviklingsarbeidet:

Hemil-senteret UiB, Høgskulen på Vestlandet, RKBU, KoRUS Vest og Folkehelseinstituttet avdeling Bergen.

Kommunane

Kommunen er tiltakseigar og brukar tildelte midlar til utvikling av prosjektet i tråd med nasjonale og regionale føringar.

Tiltaka skal leggjast til rette for evaluering i samarbeid med FoU-miljø.

Høgskulen på Vestlandet

Samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og FoU-miljøa (førebels for 2019)

- Deltaking som FoU-miljø i utvikling av tiltak i kommunane i program for folkehelsearbeid
- Samarbeidspart for fylkeskommunen for utvikling av programmet
- Bidra med spesifikk fagkompetanse til programutviklinga
- Bistå til utarbeiding av kunnskapsoppsamlingar innan eige fagområde der det er aktuelt
- Delta med utviklingsstøtte på møter, og med kompetansestøtte på felles samlingar

Samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Stord kommune

Tema for Stord sitt prosjekt er «Tilpassa og trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule». Målgruppa er ungdom i alderen 14 til 18 år.

Stord har følgjande mål for prosjektarbeidet:

1. Styrke trivsel, tilhøyrslø og gjennomføring av skuleløpet gjennom heilskapleg og god overgang frå ungdomsskulealder og vidare til neste livsfase
2. Fremje autonomi, tilhøyrslø og tillit gjennom brei medverknad i utvikling av tiltak

Gjennom dialog mellom kommunane og ulike kunnskapsmiljøa har HVL peika seg ut som den mest relevante samarbeidspartnar i høve til Stord sine prosjektmål. Stord har god erfaring med samarbeid

med seksjons for samfunnsarbeid og deira partnarar, med kompetanse innan deltaking, og vil difor vidareføre samarbeidet. Stord ønskjer difor å inngå samarbeidsavtale med HVL, forankra ved Institutt for velferd og deltaking. Kommunen vil samstundes vere open for samarbeid med andre FOU-aktørar innanfor deler av prosjektarbeidet om det viser seg å vere aktuelt.

Mål for samarbeidet:

- Bidra til kunnskapsbygging i kommunen
- Bidra til auka samhandling mellom HVL og Stord kommune
- Sikre god kvalitet i prosjektprosessen og kunnskapsbaserte tiltak

Ansvar/oppgåver:

Høgskulen på Vestlandet:

Tid	Oppgåve HVL
Haust -19	Støtte til innhenting av kunnskap /litteratursøk som skal inngå i prosjektet sitt kunnskapsgrunnlag
August-september 2019	Dialogpartnar og fagleg støtte i i planlegging og gjennomføring av datainnsamling
Oktober – desember 2019	Bidra i systematisering og analyse av data
November 2019 – februar 2020	Delta i vurdering av styrkebasert metode for utvikling av tiltak, og kompetansetiltak knytt til metode
Februar 2020	Støtte ved gjennomføring av styrkebasert metode
Heile prosjektperioden	Dialogpartnar i utarbeiding av formidlingsplan, og delta i formidling internt i kommunen
Heile prosjektperioden	Prosjektstøtte/rettleiing for å sikre kunnskapsbaserte prosessar og tiltak, og at prosjektarbeidet har høg fagleg kvalitet.
Heile prosjektperioden	Fagleg støtte til internprosessevaluering
Heile prosjektperioden	Arbeide for å kople på studentar i prosjektet, gjennom problemstillingar som er eigna for studentoppgåver på bachelor- og masternivå i samarbeid med kommunen
Heile prosjektperioden	Sikre kompetansebygging og integrering av program for folkehelsearbeid i utdanningar.

Stord kommune (gjeld heile prosjektperioden):

- Stord kommune skal sjå til at kommunen som tiltakseigar brukar tildelte midlar til utvikling av prosjektet er i tråd med nasjonale føringar og regionale føringar/styringsdokument.
- Ha ansvar for å organisere, koordinere og samordne prosjektet lokalt
- Leggje til rette for medverknad frå alle involverte grupper
- Utarbeide prosjektplan og gjennomføre planlagde handlingar, inkludert innsamling og analyse av data, utvikling og utprøving av tiltak, formidling og evaluering
- Styrkje lokal kompetanse gjennom å sørge for at prosess og tiltak er kunnskapsbaserte med høg fagleg kvalitet
- Legge til rette for masteroppgåver for få tilført kunnskap relevant for utviklingsarbeidet i kommunen i samarbeid med HFK og HVL

- Leggje til rette for praksisplassar om dette er aktuelt
- Leggje til rette for at høgskulen kan nytte erfaringar frå prosjektet i sitt FOU-arbeid
- Bidra i høgskulen si undervisning og formidling etter nærare avtale

Samarbeidsarenaene

Det blir lagt opp til samhandling gjennom skype/telefonmøter og e-post, og på felles prosjektsamlingar med Hordaland fylkeskommune. Høgskulen deltek på lokale møter/samlingar i Stord når dette er naudsynt for å få til godt samarbeid/resultat. Kommunen deltek i undervisning/møte på høgskulen etter nærare avtale/behov.

Prosjektrapportering

Stord kommune utarbeidar undervegs-rapportar, sluttrapport og evalueringsrapport for prosjektet, i tråd med regionale og nasjonale krav. Høgskulen bidrar i arbeidet med rapportane der det er relevant. Høgskulen samarbeidet med kommunen om formidling av kunnskap, resultat og erfaringar.

Tilskot/kostnader

Høgskulen på Vestlandet får utbetalt årlege tilskot for å dekkje kostnader med arbeid utover det som inngår i samarbeidsavtalen med Hordaland fylkeskommune. Samla tilskot for tre år er maksimum 200 000. Stord kommune sender utbetalingsbrev i november kvart år. Ved mottatt brev kan høgskulen sende EHF-faktura på avtalt beløp. Faktura skal spesifisere kva arbeid som ligg til grunn. Faktura for gjeldande år skal vere sendt innan 15.12.

Faktura i EHF-format skal sendast Stord kommune, org.nr. 939866914. Referanse 30085.

Varigheit

Avtalen gjeld til for eitt år (eit kalenderår) – med intensjon om fornying så lenge prosjektet vert knytt til årleg tildeling av prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune. Begge partar har høve til å krevje reforhandling av avtalen dersom det skjer større utanforliggende endringar som har konsekvensar for prosjektet si organisering og/eller drift.

Anna – om utvikling av forskingsarbeid og publisering

- Partane har rett til å publisere resultat frå delprosjekta, men slik at publisering ikkje medfører skade eller ulempe for dei andre prosjektdeltakarane sin bruk av egne resultat.
- Nødvendig vern for å sikre sjansen til kommersiell utnytting skal kunne føretas før publisering dersom minst ein av partane krev dette.
- Planar om publisering vert sendt partnaren frå den som har brakt fram resultatata. Parten har ein frist på 30 dagar frå melding er gjeve til å be om utsetting av publisering for å kunne foreta nødvendig vern.

Kontaktpersonar

Høgskulen på Vestlandet sin kontaktperson er Rita Agdal

Stord kommune sin kontaktperson er Tove Agdestein

2. EVALUERINGSPLAN FOR PROSJEKT 16' – KA NO?

Evaluering av prosessen:

Fase 1 – hente inn kunnskap

Fase 2 – utvikling av tiltak

Tema for evalueringa:

- Nytte/verdi/relevans for den einskilde deltakar
- Opplevd eigarskap/forankring
- Opplevd involvering/likeverdig deltaking
- Korleis har pandemien påverka prosjektprosessen

Evaluering av resultat:

Tema:

- Meir kunnskap?
- Meir fokus på medverknad?
- Nye tiltak som er etablert
- Opplevd verdi/nytte av tiltaka i høve til trivsel og å få til god overgang
- Andre resultat/effektar som har kome uavhengig av målsetjinga

Metode

Kven	Korleis	Ansvar	Når
Prosjektgruppa	Eigenevaluering i prosjektmøte Intervju	Prosjektleiari HVL	Løpande Vår- 22
Skulegruppa, fritidsgruppa	Samtale i møte	Leiar delprosjekt	Haust-21
Prosjektansvarleg, styringsgruppa	Eigenevaluering i møte	Prosjektleiari	Haust-21
Arrangørar workshop, Ungdomsmøte Rulleklubben + ungdomsrådet	Samtale i/etter samling Spørreskjema? Fokusgruppe	Prosjektgruppa Leiar delprosjekt	Vår-20 Haust -20
Deltakarar tiltak fritidsmesse	Spørreskjema	Arbeidsgruppa	Haust -20 og - 21
Deltakarar tiltak møteplass sentrum	Digitalt spørreskjema	HVL og leiar delprosjekt	Vår- 2022
Tilsette skulane	Samtale i etablerte forum/møter	Prosjektgruppa	
Skuleelevar	Lokale spørsmål i Elevundersøking	Skulefagleg rådgjevar, skulane	Haust 21

3. OVERSIKT OVER INFORMANTAR OG METODAR I KARTLEGGINGA

Ungdom

Målgruppe	Arena	Metode
Elevar som har søkt om å byta klasse	Stord vgs	Intervju
Minoritetsspråklege elevar	Stord vgs Stord ungdomsskule	Fokusgrupper
Elevar som har droppa ut av vidaregåande	OT (Oppfølgingstenesta)	Intervju
Unge som har utfordringar med overgang	Skulehelsetenesta	Intervju
Tidlegare drop-out elevar som er tilbake i skule	Stord vgs, OT	Fokusgruppe
Deltakarar ved Springbrettet (NAV)	Springbrettet	Fokusgruppe
Deltakarar Open stove, utekontakten Stord	Utekontakten	Fokusgruppe
Elevar i 10.trinn Stord	Samling verdensdagen	Mentometer/ Kahoot
Elevar vg1	Stord vgs	Fokusgrupper

Foreldre

Målgruppe	Arena	Metode
Foreldre 10. trinn	Foreldremøte med rådgjevar januar	Dialog
Foreldre vg1, tilfeldig utval	Telefonintervju	Intervju
Foreldre vg1	Stord kommune Questback	Spørjeundersøking
Minoritetsspråklege foreldre	Stord ungdomsskule	Særskilt foreldremøte
Minoritetsspråklege foreldre – strategisk utval	Stord vgs	Intervju

Fagpersonar

Målgruppe	Arena	Utval	Metode
Vidaregåande	Ressursteam	Elevtenesta- rådgjevarar, leiarar og hjelpetenester	Drøfting
Ungdomsskule	Lærarmøte	Lærarane	Drøfting
Skulehelsetenesta	Ressursteam Arbeidslagmøte		Drøfting
Barnevernet		Lag ungdom Lag omsorg	Drøfting
OT/PPT	Ressursteam		Drøfting
Utekontakten			Drøfting
Helsestasjon for ungdom			Drøfting

Leiarar/trenarar frivillige lag

Målgruppe	Arena	Utval	Metode
Idrettsleiarar		Stord IL, Solid, Trott	Intervju
Fritidsklubb		Litlabø, Harri	Intervju
Frivillige lag	Alle-med dugnad		Dialog

4. KOMMUNIKASJONSPLAN 2019 – INFORMASJON OM PROSJEKTET

Målgruppe	Kanal	Tid
Ungdom 14-16 (ungdomstrinnet, 9. og 10. trinn)	Elevrådet	Aug./sept.
	Klasseråd	« «
	Ambassadør	« «
	Undervisning –(livsmeistring)	Hautsemester
	Facebook/Snapchat	Aug./sept.
Ungdom 16-17 (Vg1)	Elevrådet	Aug./sept.
	Klasseråd	« «
	Ambassadør	« «
	Undervisning (livsmeistring)	Hautsemester
	Facebook/Snapchat	Aug./september
Foreldre ungdomstrinn	Foreldremøte	Hautsmøte
Foreldre vg1	Foreldremøte	Sept./okt.
Skuleleiinga ungdomsskulane	Rektormøte	26.juni
Tilsette ungdomsskulane	Plandag	12.-13. aug
Skuleleiing vidaregåande	Leiarmøte	august
Tilsette i vidaregåande	Planleggingsdag	12.august
Barnevernet	Avdelingsmøte	August
Skulehelsetenesta	Avdelingsmøte	« «
BUP	Avdelingsmøte	« «
Fritidssektoren	Styremøte	Aug./sept.
Fritidsklubbane	Allmøte	« «
Lokalsamfunnet	Kommunen si nettside Media	August
Lokale folkevalde (Stord)	Utval oppvekst og kultur	September/oktober

5. TILLEGGSSPØRSMÅL OG EIGNE SPØRSMÅL I ELEVUNDERSØKINGA

Tilleggsspørsmål – vg1:

- Eg har fått eit godt grunnlag for vidare val av utdanning og yrke, så langt i vidaregåande opplæring
- Kor nøgd er du med den rådgjevinga du fekk om val av utdanning og yrke på ungdomsskulen
- På ungdomsskulen skulle eg gjerne fått meir...
 - ..kunnskap om vidaregåande opplæring
 - ..kunnskap om vidare utdanning, ut over vidaregåande
 - ..kunnskap om ulike yrker
 - ..individuell rettleiing
- Så langt i vidaregåande opplæring har eg...
 - ..fått kunnskap om ulike utdanningsmoglegheiter
 - ..fått kunnskap om ulike yrker og moglegheiter i yrkeslivet
 - ..blitt meir medviten til kva eg sjølv vil vidare når det gjeld utdanning og yrke
 - ..blitt utfordra til å tenke over kva som er typiske utdannings- og yrkesval for kvinner og menn
- Trivst du saman med elevane i gruppa/klassen din?
- Trivst du i friminutta/fritimane
- Hender det at du kjenner deg einsam på skulen

Tilleggsspørsmål 10. trinn:

- Har du hatt individuell veiledningssamtale med rådgiver på ungdomsskolen?
- Kor nøgd var du med rettleiinga?
- Har du hatt rettleiing i gruppe om vidare utdanningsval og yrkesval på ungdomsskulen?
- Kor nøgd var du med denne rettleiinga?
- I kva grad gir faget utdanningsval deg oversikt over utdanningsmoglegheitene som finst i vidaregåande opplæring?
- I kva grad hjelper faget utdanningsval deg til å velja rett utdanningsprogram i vidaregåande opplæring?
- Kor nøgd er du med rettleiinga du har fått om dine vidare utdannings- og yrkesplanar?
- I kva grad får du i faget utdanningsval kjennskap til innhaldet i vidaregåande opplæring og arbeidsliv
- Kor nøgd er du med rettleiinga du har fått om dine vidare utdannings- og yrkesplanar
- I kva grad får du i faget utdanningsval kjennskap til innhaldet i vidaregåande opplæring og arbeidsliv?

Eigne spørsmål (ekstrasørsmål) – 10. trinn

- Eg gler med til å byrja på vidaregåande skule (svaralternativ)
- Eg er trygg på at eg vil ha nokon å vere saman med når eg byrjar på vidaregåande (svaralternativ)
- Når du tenkjer på neste skuleår, kva er du mest spent på (svaralternativ)
- Vil ditt val av utdanningsprogram vere avhengig av kva venene dine vel?
- Får du støtte og hjelp heime til val av utdanningsprogram?

6. INTERVJUGUIDAR – KVALITATIV DATAINNSAMLING

Spørsmål til føresette

- Kva opplever du er dei største utfordringane når det gjeld skulen ved overgangen til vidaregåande skule
- Kva for tiltak har vore nyttige
- Har du framlegg til andre tiltak (er det noko du har sakna)
- Opplever du at det er utfordringar knytt til fritida? Kva då?
- Kva er viktig for at dei unge skal trivast og ha det bra etter ungdomsskuletida?
- Korleis kan du som føresett bidra til ein god overgang

Spørsmål fritidsleiarar

- Kva erfaringar har du når det gjeld deltaking i organisert fritidsaktivitet for aldersgruppa 14-18 år
- Kva trur du er årsaka til ev. fråfall/ending
- Korleis kan ein fremje meir deltaking og motverke fråfall?
- Korleis kan me leggje til rette for at dei unge trives og kjenner seg inkluderte i lokalsamfunnet

Spørsmål tilsette

- Kva er dei største utfordringane for elevane med overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule
- Kva for tiltak opplever du som nyttig for å møte utfordringane og skape gode overgangar
- Har du framlegg til endringar utifrå det som blir gjort i dag
- Er det tiltak som manglar

Spørsmål til elevar i vg1

- Når du går i 10. klasse, kva skal til for at du kjenner deg trygg og ser fram til å byrja på vidaregåande
- Korleis får du best hjelp med å velje rett utdanningsprogram
- Korleis opplevde du første skuledagen
- Kva skal til for at første skuledag blir ei god oppleving
- Kva er viktig for at du skal trivast i skulekvardagen
- Kva gjer skulekvardagen vanskeleg/utfordrande
- Kva saknar du som kunne gjort skulekvardagen betre
- Korleis har overgangen til vidaregåande påverka fritida di
- Kva er viktig for deg for å ha det bra i fritida
- Kva skal til for at fritida di skal bli enda betre
- Korleis finn du informasjon om fritidsaktivitetar
 - Kva rolle har sosiale medium her?
- Kva påverkar val av fritidsaktivitetar
- Kva kan ein gjere sjølv for at overgangen til vidaregåande skal blir så god som mulig både på skulen og i fritida

7. SYSTEMATISERING AV INFORMASJON FRÅ INTERVJU OG FOKUSGRUPPER

INTERVJUAR:

DATO OG STAD:

Lydopptak er sendt/levert prosjektleiar og sletta frå opptakar/telefon

INFORMANT(AR):

Elev/ungdom Føresett Tilsett/fagperson Fritidsleiar

Tal kvinner:

Tal menn:

SAMANDRAG AV INFORMANTANE SINE SVAR:

(Tilpass tabellen slik det er mest tenleg)

SPØRSMÅL/TEMA	SVAR

8. HOVUDTREKK AV INNSAMLTA KVALITATIVE FUNN

Ungdomsskulen

Utfordrings- område	Tema	Gode eksisterande tiltak	Framlegg nye tiltak
Sjølvinnsikt og bevisstgjerjing	Korleis få innsikt i egne interesser og ressursar		Meir praktiske fag – praktisk kunnskap Karriererettleiing Undervisning i yrkesval startar tidlegare
Informasjon og kommunikasjon	Kva for informasjon er nødvendig for å velje rett utdanningsprogram	Informasjon om yrke Informasjon om utdanningsprogram	Informasjon om reglar, forventningar, krav, rettar Informasjon om skulekvardag, sosialt miljø, fysisk miljø Breiare informasjon om yrker Meir info om yrkesfaglege program Meir info om breidda i val og ulike vegar til målet
	Korleis gi informasjon slik at den når fram og blir forstått	Faget utdanningsval Informasjonsskriv Utdanningsmessa Open dør hos rådgjevar Møte rådgjevar på vgs Utdanningsmessa Hospitering Individuell hospitering	Tett samarbeid med vgs i faget utdanningsval. Bruke elevar. Meir generell informasjon til foreldre Tydeleg informasjon Meir individuelt tilpassa rådgjeving. Rådgjevar samarbeidar med kontaktlærar Førebu utdanningsmessa – plan Små føredrag på utdanningsmessa Førebu hospitering Enklare presentasjonar Meir informasjon til føresette, involvere føresette meir Unge informerer unge Eksterne fagpersonar informerer om sine yrker Tilbod i arbeidsveka etter interesse Meir hospitering i arbeidslivet Prosjektarbeid

Kjensler, haldningar og forventningar	Korleis skape tryggleik og positiv forventning		Elevar presenterer sine utdanningsprogram Hospitering og presentasjonar samsvarar med kvardagen Elevar i innføringsklasse er oftare i ordinær klasse Førebu fråversregel og arbeidskrav
Fagleg samhandling	Korleis utveksle informasjon mellom skulane inkl. støttetjenester	Faste møte mellom skular/støtte-tjenester Nettverk med låg terskel for å ta kontakt	Samarbeidsmøte med alle aktørar inkl. elevar og foreldre

Vidaregåande

Utfordrings-område	Tema	Gode eksisterande tiltak	Framlegg nye tiltak
Trivsel og sosialt miljø	Korleis få ein god start	Få klasseliste før oppstart Komme i klasse med nokon ein kjenner Bli møtt med smil Elevmentorar Bli kjent-leikar Tid til å skape sosiale relasjonar Klassesamlingar/aktivitetar utanfor skulen Faste plassar i klasserommet Startsamtale med kontaktlærar	Kunnskap om korleis vere mot andre for å få nye vener og skape godt klassemiljø (sosial kompetanse) Lærarane fokus på å skape gode relasjonar Godt oppstartprogram, første skuledag med fast struktur Alle blir ivaretatt – har følgje med nokon som er kjent, blir vist veg til klasserommet. Elevmentorar fleire dagar. Tiltak for å bli kjent på tvers av klassar. Tiltak for å bli kjent med nokon før skulestart.
	Korleis skape trivsel	Sosial samling +fysisk aktivitet i starten av skuledagen Helsesjukepleiar viktig for samtale ved behov Trivselskulen og elevmentorar	Fritime på slutten av dagen Felles arrangement for heile skulen – byggje «oss»-kultur Etablere tettare relasjon til kontaktlærar og andre vaksne, senke terskel for å ta kontakt, bli betre kjende – relasjonsbygging. Unngå for mykje deling av klassen – ha fleire timar samla. Fleire «klassens time» Lærarane meir til stades i klassen. Helsesjukepleiar meir tilgjengeleg. Aktivitetar i lunsjen Meir bruk av miljøarbeidarar Psykisk helse-livsmeistring som fag

Meistring	Korleis meistre alt som er nytt: Kvardagen, reglar og krav	Info på foreldremøte	Gradvis auke i krav. Tid til å tilpasse seg alt det nye. Kompetanse på arbeidsvanar Meir info til foreldre. Faste møter, meldingar. Foreldre har tilgang til kommunikasjonsplattform/app. Kompetanse på stressmeistring Meir smidig fråversgrense Foreldre meir aktivt støttande.
	Korleis legge til rette for å klare faglege forventningar	Første foreldremøte – info om avgangsfag	Det faglege nivået er tilpassa nivået ved utgang ungdomsskulen, også for praktiske fag. Arbeidsplan som kan tilpassast ulike føresetnader Faglitteratur på fleire språk Samarbeid på tvers av fag for å fordele belastning Legge til rette for meistring for alle – unngå fråvere. Mjukare overgang til ansvar for eiga læring Involvere foreldra. Rådgjevar tilgjengeleg Leksehjelp, kollokviegrupper

Lokalsamfunn og Fritid

Utfordrings-område	Tema	Gode eksisterande tiltak	Framlegg nye tiltak
Tilhøyrsløse i sosialt fellesskap	Korleis fremje deltaking i fritidsaktivitetar	Aktivitetar som går føre seg rett etter skulen frigir tid til familie og lekser Tilgjengeleg info på nett Tilbod med låg terskel er populært	Redusere lekser/heimearbeid Betre tilpassa busstider, både frå skulen og til fritidsaktivitet Ha aktivitetar som ikkje kostar for mykje Trenge kommunikasjonskanal som når fram med info til alle Fleire vaksne som støttar opp om aktiviteten og den einskilde deltakar (bli sett) Individuell oppfølging/invitasjon Aktivitetar som ikkje fokuserer på prestasjon Redusere skjermtid Fokusere meir på det sosiale Leggje til rette for dei med lang reiseveg til skulen

			<p>Skulen løfte fram verdien av fritidsaktivitetar, også for foreldre, og leggje til rette for deltaking</p> <p>Etablere nye tilbod innan dans, teater</p> <p>Gi kompetanse i tidsplanlegging</p> <p>Medverknad i utforming av tilboda</p> <p>Ungdomsutval</p> <p>Samarbeid på tvers av organisasjonar/klubbar og aktivitetar. Løfte verdien av å vere allsidig og å ha fleire fellesskap.</p> <p>Samle ulike aktivitetar på same stad</p> <p>Gjere frivillig arbeid meir anerkjent og verdsatt</p> <p>Betre rammer for frivillige lag</p> <p>Motivere organisasjonane til å bli kvalitetsklubb</p> <p>Fremje godt sosialt miljø blant lagsleiarar – kontinuitet og engasjement</p> <p>Tydeleg signal om at ein ønskjer breidde</p> <p>Plan med tiltak for inkludering</p> <p>Kompetanse til lagleiarar</p> <p>Sosiale samlingar utan fokus på aktiviteten</p>
	Korleis fremje vennskap og sosialt nettverk	<p>Mindre klassar/grupper gjer at ein lettare blir kjent</p> <p>Elevane arrangerer fellesaktivitetar utanom skuletid</p> <p>Russetida viktig for inkludering og fellesskap</p>	<p>Arena der foreldre blir kjent med kvarandre og med dei unge</p> <p>Leksehjelp</p> <p>Tilbod om alternative aktivitetar/roller i lag/klubb</p>
	Korleis skape opne, sosiale møteplassar	<p>Fritidsklubbane viktig møteplass</p> <p>Bilmiljøet viktig møteplass</p> <p>Idrettsanlegg viktig møteplass</p> <p>Aktivitetar for unge skapar også møteplassar for foreldra</p>	<p>Møteplassar tilpassa aldersgruppa, utan alkohol, med relevante aktivitetar -ikkje konkurranse</p> <p>Gjere eksisterande møteplassar meir synlege</p> <p>Sosiale samlingar på kveldstid i regi av skulen, ev. inkl. tilsette</p> <p>Bruke skulane sine lokale, frivillige vaksne</p> <p>Utvide fritidsklubbane sitt tilbod</p> <p>Medverknad frå unge</p> <p>Leggje til rette for uformelle, aldersblanda aktivitetar</p>

9. EVALUERING DELTAKARAR, FRITIDSMESSE 2021

Spørsmål Svar **217**

Deltaking i fritidsaktivitetar gir deg gode vener, kjekke opplevingar og nyttige erfaringar, og kan bety mykje for trivselen i kvardagen.

Stord har eit stort utval av fritidsaktivitetar for deg som er ung. Ta turen til Vikahaugane Stord idrettspark, der vil du møte representantar frå ulike lag og organisasjonar

Fritidsmessa er eit tiltak i prosjektet *16' - ka no?*



Kva syns du om Fritidsmessa 2021

Me som arrangerer Fritidsmessa syns det er viktig å få høyre kva de syns om arrangementet, og kva som bør gjerast annleis seinare, for å gjere det endå betre.

Fritidsmessa er eit tiltak i folkehelseprosjektet *16' - ka no?* der målet er betre trivsel og psykisk helse for ungdom. Å vise fram mangfaldet av lag og organisasjonar unge kan velge mellom på denne fritidsmessa, er eit av tiltaka i dette prosjektet.

Dei som svarar her er med i trekninga av to gåvekort på Kulturhuset. For å vere med i trekninga må du legge inn namn og tlf.nr på siste spørsmålet. Svara dine er anonyme uansett.


Kvar er du elev?

1 2

Ungdomsskule Vidareåande skule


Kvar er du elev?

214 svar



Kva lag/ organisasjon besøkte på fritidsmessa?

206 svar




...
Fekk du den informasjonen du hadde bruk for når du besøkte dei ulike organisasjonane?




Fekk du den informasjonen du hadde bruk for når du besøkte dei ulike organisasjonane?

211 svar



Var det nokon av aktivitetane som engasjerte deg, og som gav deg lyst til å utforske meir?


209 svar




- Nei, ingen var aktuelle for meg
- Ja, eg blei litt nyskjerrig på EIN aktivitet/ organisasjon
- Ja, eg blei litt nyskjerrig på FLEIRE aktivitetar/ organisasjonar

Kjem du til å prøve noko av det du blei presentert for?

210 svar




- Nei, ingen av dei var interessante for meg no.
- Kanskje..
- Ja, det har eg lyst til!
- Ja, eg går allereie på dette.



Kva syns du om å vere med på dette arrangementet?

210 svar



Her kan du sei noko anna om Fritidsmessa, om du vil?

- 40 av 217 har svart på dette
- «Gøy», «kjekt», nemnt ein kjekk stand: 10 svar
- Nei, ikkje noko å sei o.l. : 7 svar
- Kjedlig o.l.: 3 svar
- «Kjekk måte å finne nye interesser/hobbyar på», «Kjekt å sjå ting eg ikkje visste me hadde på Stord»
- «Lite forskjellige idrettar der, skulle gjerne vore fleire», «det kunne vert meir utvalg og fleire engasjerte folk»
- «Ikkje folk i alle bodene», «litt lite å gjer på», «mange av dei som satt på stasjonane sa ingeting», «Litt lite å prøve»
- «Møtte dei andre skulane og det var gøy å vere med venner»
- «Elevar som driv med idrett har kanskje ikkje behov for dette?»
- «Eg har ikkje behov for nåken av standane»
- «Håpar dere gjer det igjen!»
- «Likte at Utekontakten hadde godteri»



FULL FART: – Det er skummelt og gøy når det er litt brøtt, seier Åshild Beisvik Andersson. Ho er ei av mange ungar som har funnet vegen til aktivitetsparken i sommar. Nokre skrubbsår har det blitt. Då er beskyttelsesutstyr godt å ha.

Gropo innbyr til triks og test av tyngdekrafta

– Me er her kvar dag no, heile sommaren. Nokre dagar avtalar eg med venene mine, men ofte drar eg berre ned og finn nokon og vera i lag med, seier Matheus Delis.

► **Alexander Urrang Hauge**
alexander@sunnhordland.no

Han er 11 år, har skateboardet under armen og det er ein heilt vanlig formiddag i august. Sola skin ikkje, men det regnar ikkje heller. Difor kryr det av store og små som rullar rundt i banen som er støypt med runde former i steinhard betong.

– Det er skikkeleg god stemning her. Eg trur dei fleste som er her mykje berre vil ha det gøy og læra seg eit nytt triks, seier Filip Nerhus (12) om Gropo – aktivitetsparken bak kulturhuset i Leirvik.

Den tredje kompisen, Nidal Jones (11), fortel at han både har lært skateboard og sparkesykkel.

– Men no har eg fått eige Brett, seier han stolt, og viser gjerne fram eit triks han øver seg på.

– Korleis er stemninga i parken?

– Det har vore litt fighting og kranling, men det løyser seg fort opp og skjer ikkje ofte. Det er ikkje sånn at det har vore alvorleg. Det er ikkje noko problem her i parken, seier Phillip og Matheus.

Det tre kompisane fortel også at dei førebels ikkje har brukt parkour-anlegget, som ligg like ved, så mykje.

Kvar dag

– Me leikar tikkelen der, når me treng ei pause frå skattings, forklarar Matheus.

– Kva gjer de når det regnar?

– Skatar i garasjen eller ventar på at det skal slutta å regna, fortel Matheus og Phillip.

Sjølv om nokon spelar N.W.A-låten «Gangsta Gangsta» på ein trådløs høgtalar, er det ikkje berre teffingar å sjå. Mange familiar tar turen hit. Medan ungane

vagar seg sakte fram, sit foreldre på sidelinja og følgjer opp knall, fall, oppstusar og meistring. Ungane svingar innom for ei brøttskive, litt drikk eller eit kompliment.

Familievennleg

I den andre enden av banen sit Turbjørn Grønås og Marla Møen Hauge. Dei følgjer godt med på Mathilde (2) og Phillip (5), som utforskar både tyngdekraft og akselerasjon. Bømlo-familien har plutselig fått ein ny attraksjon å reisa til.

– Eg trur me har vore her sju gonger i sommar. Kanskje meir. Eldstemann spør delle tida om me ikkje kan dra hit, seier Grønås.

– Me las om parken i avisa. No kombinerer med gjerne ein tur hit med å handla på kjøpesenteret eller besøka svigerfamilien som bur her i Leirvik. Me skulle hatt eit slikt anlegg på Bømlo, seier Grønås.

Det fortel at dei ofte er her også med andre familiar. Phillip har dessutan fått seg ny sparkesykkel og har førebels styrt unna dei store falla.



FRONTSIDE: Nidal Jones har nettopp fått nytt skateboard og øver mykje.



SKATEFEUER: Filip Nerhus, Nidal Jones og Matheus Delis er øvere nede med Gropo og er der mykje. Så sant det ikkje regnar.



IVRID: Matheus Delis byrja med skating for bi månadar sidan. Han fortel om ein park med godt miljø.



ALLE FOTO: ALEXANDER URRANG HAUGE

” Det er skikkeleg god stemning her. Eg trur dei fleste som er her mykje berre vil ha det gøy og læra seg eit nytt triks

Filip Nerhus



NY STAD: Torbjørn Grønås og Maria Maen Bauge frå Bæroia kjem stadig innom aktivitetsparken. Dei følgjer godt med på Mathilde (2) og Philip (5). Sixtremndå hadde ikkje tid til å bli tatt bilete av.



UTSTYR: Anders Andersson hjelper dottera Åstild med å bli på utstyret.



SOSIALT: Nidal Jones, Filip Nerhus og Matheus Delis er blant alle ungane og ungdommane som har turne vegen til aktivitetsparken.

– Ingen skadar så langt. Dei får øva seg skikkeleg her. Å køyra på ein slik bane er jo trening, sonen vår har alltid vore motorisk sterk, fortel Grønås.

Skrubbsår

Nokre meter unna sit Anders Andersson saman med dottera Åstild. Dei har også oppdaga aktivitetsparken og no skal Åstild gjera seg klar.

– Det blir nokre skrubbsår. Då er det greit med sikkerhetsutstyr, seier Andersson.

Han fortel at dei har vore her tre-fire gonger, og at dei bur like i nærleiken.

Stort spenn

– Me ser at aktivitetsparken blir mykje brukt og det er særst gleden at spennet i alder er så stort. Eit søndag formiddag har du barnfamiljar, på kveldane litt eldre ungdom og vekedagane dei som er på slutten av barneskulen, seier Bjarte Epland, som er SLT-koordinator i Stord kommune, og ein del av prosjektgruppa som jobbar saman om aktivitetsparken.

Før sommaren var kultur-skule-

rektor Gareth Whittaker og Epland ute for å årtvåna foreldre om at aktivitetsparken ikkje er å rekna som ein vanleg leikepark, men faktisk ein stad der du kan slå deg. Dei oppmoda om at foreldre burde følgja med. Whittaker seier til Sumnordland at innkøyringa i parken har gått bra, og dei ikkje har nokon dårlege erfaringar. Snarare tvert om.

– Me fører ikkje noko statistikk over skadar på eit slikt anlegg. Det kan sjølvsagt ha vore tilfelle der nokon er skadde, men at me ikkje veit om det. Så langt me kan sjå har dei ikkje vore noko alvorleg, seier Epland.

I aktivitetsparken er det framleis mykje liv. Nokre tenåringsjenter herjar i parkour-delen av anlegget. Foreldre, familiar, ungar og ungdommar kjem syklande, gåande og køyrande. Matheus Delis og kompisane har vore her ei stund, men er stett ikkje ferdige. Sjølvs om han har fått ein smell i ankelen, har han ingen planar om å dra heim.

– Eg blir her så lenge eg kan kvar dag, seier 11-åringen.